



Kontaktperson for  
elevinspektørane  
Berit Karin Ø. Nilssen

Dato: 04.10.2017  
Vår ref.: 2017/15888-2  
Saksbehandlar: oydzjem  
Dykkar ref.:

## Svarbrev vedkomande elevinspektørordninga

Fylkesdirektør opplæring viser til brev datert 29.09.17 frå kontaktperson for elevinspektørane.

Presentasjon med introduksjon til prosess for at skulane kan kome med uttale og synspunkt til utgreiinga om elevinspektørordninga og arbeidet med politisk sak, vart sendt skulane fredag 29.09.17, jf. skulemiljøsamlinga 27.09.17.

Det er ingen tvil om at ansvarsområda og oppgåvene er svært viktige, m.a. med bakgrunn i endringane i opplæringslova kapittel 9A. Det er derfor også svært viktig å ta vare på kompetansen som skulane har på feltet, og samtidig utvikle kompetansen vidare m.a. med tanke på behov knytt til utsette grupper (t.d. LHBT), minoritetsrådgjeving og arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

Det går fram av brevet at det er uklart om momenta som var del av presentasjonen på skulemiljøsamlinga, er meint som argument for eller imot ordninga med elevinspektør. Gjeldande vedtak (FT 1998) inneber oppretting av elevinspektørstilling med eit definert stillingsinnhald og definerte lønns- og arbeidsvilkår. Vedtaket inneber også øyremerking av midlar til ei slik stilling, med same stillingsprosent uavhengig av skulane sin kontekst og storleik. Fylkesdirektør opplæring ser behov for å leggje fram ei sak som ser på vedtaket (1998) i lys av behova, lovkrava og situasjonen i dag. Fylkesrådmannen avgjer kva saker som skal leggjast fram.

Vi ønskjer synspunkt frå skulane på følgjande spørsmål, jf. utsend presentasjon:

- Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?
- Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Synspunkt frå skulane ut frå desse spørsmåla vil verte nytta og drøfta i samband med utgreiinga og den politiske saka. Momenta som er med i presentasjonen vil verte utgreidd nærmare med tanke på moglege samanhengar og konsekvensar før ein konkluderer

administrativt med framlegging av sak til politisk avgjerd. Det er derfor fint om synspunkt omfattar kommentarar til

- Presiseringane i opplæringslova kapittel 9A
- Forvaltningskompetanse
- Mynde og handlingsrom til organisering på den enkelte skule
- Økonomi
- Personalansvar

Desse momenta vil inngå i saka, og vektlegging vil verte vurdert i utgreiinga.

Fylkesdirektør opplæring ser ansvarsområdet og oppgåvene som svært viktige. Av respekt for viktige tema på skulemiljøkonferansen var det difor ikkje ønskjeleg å endre programmet. Vi seier oss leie for at dette gav motsett signal.

Vi har forståing for synspunkta om at det er kort tid til prosessen det vart informert om 27.09.17. Vi har allereie motteke uttalar / synspunkt frå skular, og vi vil vurdere om det vert ytterlegare behov for å opplyse saka undervegs. Vi arbeider for å halde tidsplanen, og samstundes er det fast prosedyre at det vert gjort vurderingar av om saker er tilstrekkeleg og forsvarleg utgreidd før oversending til politisk nivå, jf. spørsmålet i brevet om utsetjing av saka.

Vi tek også med i vurderingane om det vil vere behov for eit eige møte med skulane når saka med innstilling frå Fylkesrådmannen er offentleg. På dette tidspunktet vil det etter planen vere tida for informasjon, avklaringar og i større grad svar på spørsmål.

Skulane er invitert til å delta med uttalar og synspunkt, gjerne ulike synspunkt. Skulane har fått tilsendt presentasjon med spørsmål og moment som bakgrunn, jf e-post 29.09.17. Skulane formidlar vidare internt på skulen, og uttalar vert registrert og vil vere offentlege dokument. I tillegg til skulane vil også andre aktørar vere velkomne til å kome med synspunkt, t.d. tillitsvalde og Elevorganisasjonen.

Tidsramma for prosessen er kort, og det kan verke inn på høve til dialog. Vi legg opp til open prosess med uttalar og synspunkt, og prosessen vil verte vurdert undervegs. Vi opplever så langt at det er stort engasjement og at uttalar kjem inn. Uttalane i saka kan gjerast tilgjengelege, og vi ønskjer dialog gjennom prosessen.

Korleis det viktige arbeidet for gode skulemiljø i HFK vert lagt opp vidare, vil uansett utfall vere sentralt på dagsorden i åra framover. Skulemiljø er grunnleggjande forankra både i lovverket og i styringsdokumentet for det pedagogisk utviklingsarbeidet.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Hillevi Runshaug  
Regionleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: